

Orienteringssak etter årsmøtet i grendalaget 29.03.18

Etter at årsmøtet vart avslutta, orienterte leiar om ei sak som vedkjem styret i grendalaget og mange andre medlemmer. Etterpå vart det innspel, spørsmål og diskusjon omkring denne saka.

Sjølv om denne saka ikkje var ei formell årsmøtesak, var dei frammøtte medlemmene samde at referatet vert lagt ved årsmeldinga.

Etter eit styremøte i Rasdalen grendalag 13.10.17 vart det lagt ut eit kort referat på Rasdalssida. Der kom det diverre ikkje fram at det var ein medlem i grendalaget som hadde gjeve pengar til innkjøp av ei vaskemaskin til grendalaget. Dette vart i etterkant retta opp slik at det gjekk fram at dette var ei gåve. Medlemmene i grendalaget hadde også på to arrangement fått informasjon om kven som hadde gitt denne gåva til grendalaget. Det var såleis godt kjent før maskina vart kjøpt inn, kven som betalte den. Elles har ikkje dugnadsarbeid og enkeltstående innsats i grendalaget vorte omtalt med namn i referat og årsmeldingar.

I etterkant av dette har vedkomande medlem utvist ei åtferd som ikkje er akseptabel, og som grendalaget tek avstand frå. Leiar, styremedlemmer og medlemmer i grendalaget har vorte oppringt i tide og utide med til dels pågåande og aggresiv ordbruk. Fleire har uttrykt at desse samtalane har vore ubehagelege, og det er også dei som ikkje tek telefonen når dei ser kven som ringjer. Denne «telefonstormen» har vore retta mot ein av styremedlemmene, som også er redaktør av Rasdalssida. I desse telefonsamtalane har det kome fram mange uriktige påstandar og harde skuldingar. Målet med telefonsamtalane har vore å få denne styremedlemmen fjerna frå styret i grendalaget. Leiaren i grendalaget har gitt klår melding om at det må verta slutt med desse oppringingane, men det har ikkje skjedd.

Som ei følge av dette vart vedkomande sin tilgang til Facebook-gruppa Rasdalen blokkert. Det må også i denne samanheng understrekast at både www.rasdalen.no og denne Facebook-gruppa er privat, og vert ikkje administrert av grendalaget.

Når det gjeld Rasdalssida, har det også kome massiv kritikk frå denne medlemmen. Redaktøren vert skulda for å berre framheva seg sjølv gjennom det som vert lagt ut på denne sida.

Til orientering vart Rasdalssida oppretta før grendalaget vart stifta, og er meint til å gje informasjon og til å vera til nytte og glede for alle dei som er interesserte i Rasdalen. Sida vert mykje brukt med opptil 100 besøk i døgnet.

Nye hytteeigarar i Rasdalen har vorte tekne godt imot, og har vore velkomne til å vera med i grendalaget sitt arbeid og sine aktivitetar. Det same gjeld også for denne medlemmen, som på si side også har støtta opp om grendalaget.

På møtet kom det klårt fram at ein ikkje ser seg ikkje tent med den åtferda den omtala medlemmen har utvist det siste halvåret, det gagnar ingen. Grendalaget tek såleis sterk avstand frå måten ein av styret sine medlemmer har vorte omtalt på. Tilbakemeldingane frå medlemmene var tydelege og sterke, og det vart understreka at denne saka skal føregå i openheit.

Medlemmene som var på dette møtet meinte bestemt at pengane for vaskemaskina skulle tilbakebetalast, og dette skal verta gjort.

Fellesskapsånda og samarbeidet i Rasdalen har alltid vore sterk, og det vart på møtet også framheva at dette er viktig å ta vare på.

Den omtala medlemmen er sjølv sagt velkommen i dette fellesskapet, men då lyt det ei endring til når det gjeld måten vedkommande har valt å venda seg til medlemmer i grendalaget på.

Masfjordnes 02.04.18

Rasdalen grendalag v/Terje Rasdal